



Årsmelding 2015

BANKSJEFEN HAR ORDET	s.	6
NØKKELTAL	s.	7
ÅRSMELDING FRÅ STYRET	s.	8
GENERELT	s.	8
STRATEGIPLAN 2015–2017	s.	8
EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING	s.	8
UTVIKLING I NORSK OG INTERNASJONAL ØKONOMI I 2015	s.	8
Ulik utvikling hos bedriftene	s.	9
Gjeldsbelastninga i hushald aukar	s.	9
Bustadprisar går ned - store regionale forskjellar	s.	10
LOKALT NÆRINGSLIV I 2015	s.	10
Transport	s.	11
Bygg, anlegg og entreprenørar	s.	11
Landbruk	s.	11
Reiseliv	s.	11
Industri	s.	11
Handel	s.	11
SPAREBANKANE I NOREG	s.	12
SAMFUNNSENKASJEMENT	s.	12
VERKSEMDA TIL SPAREBANK 1 LOM OG SKJÅK I 2015.	s.	12
Aktivitet gjennom året	s.	12
AKTIVITET GJENNOM ÅRET.	s.	13
REKNESKAPEN	s.	14
Framleis drift	s.	14
Resultatrekneskapen	s.	14
Forslag til disponering av overskot	s.	14
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	s.	14
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	s.	14
Driftskostnader	s.	14
BALANSEN	s.	15
Forvaltningskapitalen	s.	15
Utlån og garantiar	s.	15
Verdsetjing av utlån	s.	15
Misleghald og tapsutsette engasjement	s.	15
Innskot	s.	16
Verdipapir	s.	16
Eigenkapital og kapitaldekning.	s.	16
Innskot målt mot utlån.	s.	16
Funding elles.	s.	16
INTERN KONTROLL OG RISIKOSTYRING	s.	17
Generelt	s.	17
Pilar II og CRD-IV	s.	17
Operasjonell risiko	s.	17
Kredittrisiko	s.	17
Valutarisiko	s.	18
Rente-/kursrisiko	s.	18
Likviditetsrisiko	s.	18
Strategisk risiko	s.	18
TILSETTE	s.	18
Personalet	s.	18
Likestilling	s.	19
Arbeidsmiljø	s.	19
Diskriminering	s.	19
YTRE MILJØ	s.	19
Energi- og klimarekneskap 2015	s.	19
SPAREBANK 1-ALLIANSEN	s.	20
EIENDOMSMEGLER 1 LILLEHAMMER OG GUDBRANDSDAL AS	s.	21
LOM OG SKJÅK SPAREBANKS NÆRINGSLIVSFOND	s.	21
FRAMTIDA	s.	22
TAKK TIL FORRETNINGSKONTAKTAR, TILLITSVALDE OG TILSETTE.	s.	22
RESULTATREGNSKAP	s.	23
BALANSE	s.	24
KONTANTSTRØMOPPSTILLING	s.	25
NOTER TIL ÅRSREGNSKAPET FOR 2015	s.	26
REVISORS BERETNING	s.	52
MELDING FRÅ KONTROLLKOMITEEN	s.	54
ERKLÆRING FRÅ STYRETS MEDLEMMER OG ADM. BANKSJEF	s.	55
FORSTANDARSKAPET/TILLITSVALDE	s.	56
HISTORISK REKNESKAP 1874 - 2015	s.	57



Dette er den 13. årsmeldinga eg skriv som adm. banksjef for SpareBank 1 Lom og Skjåk. Utviklinga for banken, lokalsamfunnet og dei tilsette har vore god gjennom denne perioden.

Banken hadde ein forvaltningskapital på 1,7 mrd. kroner og ein egenkapital på 205 mill. kroner i starten av 2003. Forvaltningskapitalen har nå passert 6,0 mrd. kroner inkl. lån overført til Sparebank 1 Boligkreditt og valutalån, og egenkapitalen har auka til over 590 mill. kroner.

Talet på tilsette har auka frå 31 til 50 i perioden. SpareBank1 Lom og Skjåk har satsa på å styrke kompetansen til rådgjevarane sine gjennom ei målretta utdanning. Nye stillingar er oppretta, og kompetente medarbeidarar er tilsette.

Vi opna nytt kontor på Dombås i 2012, så banken er nå representert i Ottadalen og i øvre delen av Gudbrandsdalen. Det er viktig at ein lokal sparebank er etablert med kontor der den lokale marknaden er.

SpareBank1 Lom og Skjåk gjer det ein sparebank skal gjere, støttar opp om lokalsamfunnet og bidreg til finansiering av arbeidsplassar slik at det skal vere attraktivt å bu i området vårt.

SpareBank1 Lom og Skjåk har også i 2015 hatt ei god utvikling. Vi har fått mange nye kundar, og fleire av nøkkeltala våre utviklar seg positivt. Det er framleis viktig for banken å bygge solide bufferar for at banken i framtida framleis skal kunne vise samfunnsansvar, vere sjølvstendige og lokalt forankra.

SpareBank1 Lom og Skjåk legg for året 2015 fram eit godt resultat. Den underliggende bankdrifta er noko betre enn i 2014, men vi har ikkje hatt dei same ekstraordinære inntektene i år. Årsresultatet i kroner blir derfor ikkje på same nivå. Det er gledeleg at banken etter mange år med store tap ikkje fører tap i rekneskapen for 2015. Vi har god oversikt over engasjementa våre. Oppbygde bufferar frå tidlegare viser seg å vere tilstrekkelege slik situasjonen er vurdert nå.

Vi har etablert ei kredittstøtteavdeling i Skjåk, og nye medarbeidarar er rekruttert internt. Avdelinga skal støtte kredittverksemda i banken, utvikle nye rutinar og oppdatere rammeverk slik at banken tidleg kan ta i bruk elektroniske løysningar for meir effektiv oppfølging av kundane våre. Banken si avdeling i Vågå flytta inn i nye, moderne lokale, som kundar og dei tilsette set stor pris på.

Strategiplanen er under kontinuerleg vurdering, dette for å sjå på kva for retning banken skal ha mot 2020. Det er stor endring i åtferda til kundane og nedgang i bruk av kontorkanalen. Derfor er det heilt naudsynt å vinne digitale kundar med dei enklaste digitale løysingane i bransjen. SpareBank1 Lom og Skjåk vil legge til rette for at dei kundane som ynskjer det, skal kunne ta i bruk sjølvbetente løysingar. Kundane skal få den beste tenesta uansett kva for kanal vedkomande brukar, om det er i kontorkanalen, på telefon, e-post eller ynskjer å vere sjølvbetent.

Eg vil nytte høvet til å takke Grethe Bakke Eggen med nesten 40 års teneste for banken, og ynskje henne lukke til som pensjonist.

Samstundes vil eg nytte høvet til å takke alle tilsette for ein storarta innsats for banken i 2015, og også takke samarbeidspartnarane, kundane og dei tillitsvalde for året vi har lagt bak oss. Eg rettar også ein stor takk til styret i banken. Ein ekstra takk til Sevald Sperstad og Hans Kristen Skamsar, som gjekk ut av styret i februar. Eg ynskjer samstundes Hans Ivar Kolden og Tordis Brandsar velkomne inn i styret. Eg vil til slutt ynskje alle eit riktig godt år i 2016.

Arne Henning Falkenhaus
adm. banksjef

Tall i tusen kroner	2015	2014	2013	2012	2011
Forvaltningskapital	4 879 769	4 643 958	4 187 461	3 909 269	3 747 240
Overført til Boligkreditt (BK)	1 024 664	818 147	845 495	663 100	521 950
Garantier for valutalån (VL) - pål.	133 794	190 622	204 953	215 163	220 830
Forvaltningskapital inkl. BK og VL	6 038 227	5 652 727	5 237 909	4 787 532	4 490 020
Brutto utlån (til kunder)	4 114 448	3 910 871	3 426 410	3 331 873	3 159 759
Brutto utlån (til kunder) inkl. BK og VL	5 272 906	4 919 640	4 476 858	4 210 136	3 902 539
Innskudd fra kunder	3 398 765	3 176 677	2 809 162	2 549 823	2 375 228
Resultat underliggende drift eks. tap	50 210	47 045	49 925	44 381	41 283
Tap på utlån	-1 420	10 710	19 326	22 788	7 048
Resultat underliggende drift inkl. tap	51 630	36 335	30 599	21 593	34 235
Resultateffekt fra verdipapirer	-2 832	15 520	27 379	14 660	1 668
Resultat før skatt	55 598	75 973	57 977	36 253	35 903
Resultat etter skatt	39 845	63 229	47 561	27 851	25 045
Egenkapital	590 133	560 479	497 750	453 102	426 001
Rentenetto	1,98 %	1,91 %	2,02 %	2,07 %	1,98 %
Provisjon og gebyr i % av gj. forv.kapital	0,68 %	0,76 %	0,80 %	0,73 %	0,63 %
Driftskostnader i % av gj. forv.kapital	1,58 %	1,58 %	1,55 %	1,61 %	1,45 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. verdipapir	57,15 %	49,65 %	50,74 %	53,02 %	50,98 %
Tap i prosent av brutto utlån	-0,03 %	0,27 %	0,56 %	0,68 %	0,22 %
Avsetning til tap i % av brutto utlån	0,82 %	1,11 %	1,28 %	2,13 %	1,88 %
Misligholdsprosent	1,07 %	1,72 %	2,78 %	3,53 %	3,37 %
Egenkapitalandel i balanse	12,09 %	12,07 %	11,89 %	11,59 %	11,37 %
Egenkapitalavkastning før skatt	9,67 %	14,24 %	12,04 %	8,15 %	8,56 %
Kapitaldekning	17,23 %	17,82 %	19,91 %	19,74 %	17,93 %
Kjernekapitaldekning	16,51 %	17,15 %	19,91 %		
Ren kjernekapitaldekning	16,51 %	17,15 %	15,19 %		
Utlånsvekst (eks. tapsavsetninger)	5,21 %	14,14 %	2,84 %	5,45 %	2,29 %
Utlånsvekst inkl. BK og VL	7,18 %	9,89 %	6,34 %	7,88 %	4,95 %
Innskuddsvekst	6,99 %	13,08 %	10,17 %	7,35 %	12,51 %
Innskudd i % av utlån	82,61 %	81,23 %	81,99 %	76,53 %	75,17 %
Endring forvaltningskapital	5,08 %	10,90 %	7,12 %	4,32 %	3,10 %
Brutto utlån næring	41,58 %	41,13 %	39,37 %	38,74 %	37,97 %
Brutto utlån privat	58,42 %	58,87 %	60,63 %	61,29 %	62,03 %
Antall ansatte	50	49	46	46	45
Antall årsverk	48	47	44	43	43

For 2014 er det benyttet tall før omarbeiding av regnskapet.

Generelt

Banken vart stifta i 1873.

Det er avgjerande at banken er ein kundeorientert, sjølvstendig og attraktiv sparebank med lokal forankring. Sparebank 1 Lom og Skjåk skal vere ein kostnadseffektiv bank og skal gjennom alliansen med SpareBank 1 Gruppen ta ut dei fordelane samarbeidet gjev på produkt, innkjøp, utvikling og kompetanse. Bankens skal gjennom alliansen skaffe, selje og levere finansielle tenester og produkt og ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnad og/eller høgare kvalitet slik at kundane får den beste rådgevinga og dei beste tenestene til konkurransedyktige vilkår. Vi har hovudkontor i Lom og avdelingskontor i Bismo, Vågåmo og på Dombås.

Strategiplan 2015-2017

Styret vedtok ein revidert strategiplan for SpareBank 1 Lom og Skjåk i 2015. Planen gjeld for perioden 2015–2017.

Strategiplanen skal vere ein reiskap for styret og tilsette og legg føringar for drifta av banken og strategiske vegval i dei nærmaste åra. Strategiplanen skal gje ei retning og avklare sentrale strategiske tilhøve.

Ei overordna målsetjing er å gjere strategidokumentet mest mogleg tilgjengeleg og konkret slik at alle kan få eit eigarskap til, og identifisere seg med, dei vegvala som blir kommunisert i dokumentet. Strategiplanen er oppe til drøfting vår og haust på strategisamlingar der styret og leiargruppa i banken deltek. Som ledd i tilpassing til nye regulatoriske krav, vart måltala i strategien revidert hausten 2015.

Bankmarknaden er prega av store endringar drive av nye krav frå styresmaktene og digitalisering av banktenester.

PRIVAT | BEDRIFT | OM OSS

SpareBank 1
Lom og Skjåk

Søk Q Logg inn

Jeg vil... Produkter Kundeservice

Den digitale lommeboken

mCASH kan brukes av alle, uavhengig av bankforbindelse. Over 1400 lag og foreninger er allerede i gang!

Les mer og ta i bruk mCASH

Jeg vil...
For deg som er litt usikker på hvilke produkter og tjenester du trenger.

Produkter
For deg som vet hvilket produkt du skal ha.

Kundeservice
Du kan gjøre mye selv, men vi hjelper deg gjerne hvis du trenger det.

Eigarstyring og selskapsleiing

SpareBank 1 Lom og Skjåk har utarbeidd egne retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing. Retningslinjene skal sikre tillit til styret og leiing, og leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping til beste for banken, tilsette og andre interessentar. Retningslinjene vart evaluert av styret den 25.10.2013, og det var ikkje gjort vesentlege endringar.

Utvikling i norsk og internasjonal økonomi i 2015

Norsk økonomi opplever for tida store utfordringar som følge av lågare aktivitet i petroleumssektoren. Ein reduksjon i oljeinvesteringane har lenge vore venta, men utslaget på sektoren har blitt større som følge av det kraftige fallet i oljeprisen. Førebelse overslag frå Norges Bank viser at veksten i Fastlands-BNP vart redusert frå 2,3 prosent i 2014 til 1,4 prosent i 2015, den lågaste sidan finanskrisen. For 2016 forventar sentralbanken at veksten avtar enda meir, til 1,1 prosent.

Redusert aktivitet i petroleumssektoren og tilknytta leverandørindustri har ført til at Norge nå er inne i ein omstillingsfase. Ein slik fase måtte kome før eller sidan, da olje og gass er ikkje-fornybare ressursar. Oljeprisfallet har både framskunda og forsterka nedgangen. Oljeprisen har nå falle over 70 prosent sidan juni 2014. Oljeprisfallet har også medverka til ei svekking av den norske krona internasjonalt. Svekkinga av krona, saman med pårekna lågare lønnsvekst, gjer sitt til å betre Norges konkurranseevne når det gjeld tradisjonelle eksportvarer, og gje eit løft for norsk eksportnæring.

Svekkinga av krona bidreg også til å trekke inflasjonen opp, gjennom høgare prisar på importerte varer. Under føresetnad av at krona ikkje blir svekka vidare, er effekten mellombels. I tida som kjem, er det dermed forventa at inflasjonen vil avta noko. Målt ved konsumprisindeksen (KPI) er inflasjonen nå nær inflasjonsmålet til Norges Bank på 2,5 prosent. Ved å justere for avgifter og ekskludere energiprisar (KPI-JAE) er den underliggjande inflasjonen noko høgare.

Pengepolitikken var ekspansiv gjennom 2015. Norges Bank kutta styringsrenta 0,25 prosentpoeng to gonger gjennom året, noko som gav ei rekordlåg styringsrente på 0,75 prosent. Sentralbanken har signalisert at det er utsikter til fleire rentekutt i løpet av første halvår i 2016. Trass rekordlåg rentenivå ligg norske renter likevel godt over nivået til dei viktigaste handelspartnerane våre.

I tillegg til ein meir ekspansiv pengepolitikk er også finanspolitikken justert tilsvarande. Det strukturelle, oljekorrigererte underskotet, som måler den underliggjande pengebruken av oljeinntektene, har auka. Underskotet i 2015 blir pårekna til 167 milliardar kroner og vil sannsynlegvis auke til 194 milliardar i år. Målt som del av trend-BNP for Fastlands-Norge utgjer dette 6,4 prosent og 7,1 prosent. For 2016 vil dette innebere ein ekspansiv vekstimpuls på om lag 0,7 prosent og medfører dermed at oljepengebruken via statsbudsjettet har ein solid påverknad på etterspørselen etter varer og tenester i økonomien. I forhold til kapitalen i Statens pensjonsfond utland (målt ved inngangen til året) vil underskotet utgjere 2,8 prosent i 2016, noko som framleis er 1,2 prosentpoeng mindre enn handlingsregelen for bruk av midlar frå fondet i statsbudsjettet tillèt.

Ulik utvikling hos bedriftene

Fallet i aktivitet i oljerelaterte verksemdar har gjeve svært varierende verknad på norske bedrifter og regionar. Oljeinvesteringane, som lenge har vore ein vesentlig bidragsytar til økonomisk vekst i Norge, bidreg nå negativt. Det blir rekna med at det kraftigaste fallet i investeringane vart teke ut i 2015, men mest sannsynleg vil vi sjå ein vesentleg nedgang også i 2016. Avhengig av kor lenge det er oppgang i oljeprisen, vil investering og aktivitet i leverandørindustrien kunne falle vidare. Nett nå er det teikn til liten vilje frå tilbodssida til å stabilisere oljeprisen. På same tid verkar redusert vekst i Kina negativt inn på etterspørselen.


Den tradisjonelle eksportnæringa nyter godt av svak krone og betre konkurranseevne i den internasjonale marknaden. Likevel har fastlandsbedriftene investert mindre dei siste åra. Tala viser stor forskjell mellom ulike næringar. Ikkje overraskande er det næringane som er tett tilknytt petroleumsindustrien som opplever nedgang. For næringar som industri og kraftproduksjon ventar vi auka investeringar i åra som kjem.

Norges Banks utlånsundersøking viser lite endring i etterspørselen etter kreditt frå dei ikkje-finansielle føretaka. Bankane rapporterer likevel om innstramming i kredittpraksis, og det blir rekna med at bankane vil auke utlånsmarginane sine den nærmaste tida.

Gjeldsbelastninga i hushalda aukar – men spareraten er høg

Privat forbruk utgjer ein vesentlig del av BNP, men har gjennom 2015 gått noko ned. Utsikter til svakare lønnsvekst, høgare prisvekst og auka arbeidsløyse medverkar til å legge ein dempar på utviklinga, medan låge renter yter positive bidrag til den finansielle gjelda for hushaldningane. Sparinga i hushaldningane utgjorde i store delar av 2015 over 10 prosent av disponibel inntekt (SSBs sparerate), mot 6,7 prosent i gjennomsnitt for åra 2010–2014.

Gjeldsutviklinga for hushalda heldt seg relativt stabil i fjor, med ein årsvekst på mellom 6 og 6,5 prosent. Gjeldsveksten er såleis framleis høgare enn veksten i disponibel inntekt. Det betyr at gjeldsbelastninga i hushalda har auka enda



meir. Utlånsundersøkinga til sentralbanken indikerer både redusert etterspørsel etter lån og innstramming i kredittpraksisen til bankane. Det er venta at utlånsmarginen framleis vil bli redusert. Dette vil halde rentebelastninga i hushalda låg og gjere sitt til å halde kreditt-etterspørselen oppe. Samla sett ventar Norges Bank at kredittveksten vil minke i tida som kjem, men at veksten framleis vil vere høgare enn inntektsveksten.

Bustadprisane går ned

– store regionale forskjellar

Bustadprisane var i gjennomsnitt 7,2 prosent høgare i 2015 enn i 2014. Detaljane viser likevel at tolv månaders veksten for Norge samla avtar. Frå ein årleg vekst i underkant av 9 prosent i starten av året ende veksten i desember på 5 prosent. Det er store regionale forskjellar i bustadprisutviklinga, der vestlandet skil seg negativt ut. Tal for desember viser at nedgangen i Stavanger siste år har vore 5,3 prosent. I Bergen og Trondheim vart veksten høvesvis 6,0 prosent og 4,1 prosent. Oslo opplever sterkast prisvekst, 9,5 prosent frå desember 2014 til desember 2015.

Internasjonalt

Den økonomiske veksten i verda var ifølgje IMF 3,1 prosent i 2015. Veksande økonomiar stod for hovuddelen av veksten, trass i blant anna nedgang i råvareprisane og politisk usikkerheit ei rekke stader. I industriland er veksten samla sett lite endra frå året før, men veksttakta varierer mykje mellom dei ulike landa.

USA opplever nå solid vekst i økonomien, driven av blant anna klar vekst i privat konsum og auka bustadinvesteringar. Arbeidsløysa har minka betydeleg sidan toppen under finanskrisa. Tiltit til at veksten har festa seg, førte til at Federal Reserve (FED) i desember heva signalrenta i sentralbanken, etter om lag sju år med nullrente og tre rundar med ekstraordinær tilførsel av likviditet til marknaden gjennom kjøp av statspapir («kvantitative lettelsar»).

I eurosona er veksten framleis svak, og arbeidsløysa er høg. Samtidig skjer det ei gradvis gjelds-nedbygging. Indikatorar på forventningar i bedrifter og hushald viser aukande optimisme,

medan pengepolitikken framleis blir innretta veldig ekspansivt. Sjølv om fleire indikatorar peiker i riktig retning, vil det truleg ta tid før veksten i eurosona kjem tilbake på eit meir normalt nivå.

I samsvar med den europeiske sentralbanken fører sentralbanken i Japan ein svært ekspansiv pengepolitikk. Bank of Japan aukar nå behaldninga av verdipapir med heile 80 billionar yen kvart einaste år, som tilsvarar rundt 16 prosent av BNP. Veksten er likevel framleis svak, hovudsakleg som følge av liten vekst i forbruk og investeringar. Det blir rekna med at veksten vil halde seg svak også i åra som kjem. På lengre sikt står Japan også overfor store strukturelle utfordringar knytt til låg innvandring og aldrende folkesetnad.

Kinas økonomi møtte motbør gjennom fjoråret, blant anna med lågare aktivitet i industrien og kraftig fall i aksjemarknaden. Likevel har den økonomiske veksten halde seg sterk, sett i forhold til normale veksttakter i Europa og USA. Årsakene til dette er framleis god utvikling i hushaldsforbruket og solid vekst i tenestesektoren. Samla sett er det likevel fleire usikre moment rundt vidare utvikling i kinesisk økonomi. Veksten er venta å minke enda meir i åra som kjem, og det vil bety mykje for verdsøkonomien om nedgangen kjem gradvis eller raskt.

Lokalt næringsliv i 2015

Næringslivet i Nord-Gudbrandsdalen ser generelt ut til å ha hatt ei god utvikling gjennom året.

Det er fleire grunnar til dette. Reiselivet har truleg hatt god «hjelp» av ei svak norsk krone. Dette førte til at det vart dyrare for oss å reise utanlands, og derfor reiste vi meir innanlands. Samstundes vart det billigare for dei aller fleste å kome til Norge og feriere.

Den generelt gode utviklinga syner seg òg gjennom at banken har hatt låge konstaterte tap for 2015.

Når vi ser på talet på konkursar (tabell), er det gjennomgåande god utvikling også her. Ingen gjekk konkurs i Vågå og Lom, medan det var 1 i Skjåk,

Konkursar i regionen 2015 (2014)

	Lom	Skjåk	Vågå	Dovre	Lesja	Region
Etableringar	17 (18)	11 (15)	34 (17)	16 (16)	13 (8)	129 (104)
Konkursar	0 (1)	1 (1)	0 (2)	3 (2)	2 (2)	7 (16)
Region inkluderer også Sel kommune. Statistikk frå Brreg.						

3 på Dovre og 2 på Lesja. Samla for kommunane over var det da 6 konkursar i 2015 mot 9 i 2014. Etableringslysta ser òg ut til å vera stor. Særleg stor auke er det i Vågå og på Lesja.

Transport

Vi meiner at bransjen er i betring, sjølv om dette framleis er ein tøff bransje. Fleire lokale transportbedrifter har gode oppdrag frå lokale industribedrifter som Ottadalen Mølle SA, Interfil AS og Glasitt AS, for å nemne nokre.

Bygg, anlegg og entreprenørar

Desse bransjane er avhengige av at det er stor aktivitet i kommunane våre. Det har dei siste åra vore fleire store og spennande oppdrag, mellom andre Utgard, helseheimen, Vågå helsesenter med påbygg til banken og reinseanlegg i Skjåk. Vi får håpe at lokale bedrifter kan få oppdrag på den nye ungdomsskulen i Skjåk. Denne type oppdrag er særst viktige. Det er òg positivt å registrere at fleire lokale verksemdar samarbeider om oppdrag, da dei enkeltvis kan bli for små.

Vi har også fleire kundar som i større eller mindre grad deltek i oppdrag utanom bygdene. Dette kan vera vegarbeid, brøyting/strøing med meir.

Landbruk



Landbruket har alltid vore ei solid og god næring for oss i banken. Over mange år har denne næringa vakse i takt med den generelle og gode veksttakta i banken. 2015 har òg vore eit år med stor vekst. Her må vi skryte av kor godt landbruksnæringa i Lesja og Dovre har teke imot oss på vårt «nye» Dombås-kontor. Dette førte til at vi fekk ein særst god vekst i 2015. Det syner også at vi har konkurransedyktige prisar.

Talet på bønder i regionen viser at det har vore ein liten attendegang på dei som produserer mjølk. For bønder som driv med ammeku, geit og sau, er talet stabilt. For sau er det auke både i dyretal og talet på bønder.

Reiseliv



Reiselivet utgjer om lag 6 % av næringslivsporteføljen til banken, og sysselset frå 1,7 % (Lesja) til 11,9 % (Dovre) av arbeidsstokken i marknadsområdet vårt. Tek vi med eigedomsselskapa (som da ikkje tel som reiseliv i banken si portefølje), er reiselivet samla sett vesentleg større enn desse 6 prosentane.

Tal frå bransjen syner at 2015 gjennomgåande var eit godt år. Det er nokre unntak for dei som sleit med ein svært sein sommar høgt til fjells. Etter nokre år med nedgang i talet på overnattingar, snudde dette i 2015. Jamfør også innleiinga og kommentarane rundt utviklinga til den norske krona.

Industri

Industrien utgjer i overkant av 4 % av næringslivsporteføljen i banken, og sysselset frå 2,6 % (Vågå) til 13,3 % (Skjåk) av arbeidsstokken i banken sitt marknadsområde. Som for reiseliv er industrien også større i prosent, om vi tek med eigedomsselskapa.

Industribedriftene i regionen har jamt over hatt ei positiv utvikling i 2015, med gode og langsiktige ordreservar, trass i generell nedgang både i landbasert og offshoreindustri i Norge. Bedriftene har vore dyktige til å tilpasse seg endringane i marknaden, og ser ut vil å vere mindre påverka av konjunkturane. Vi registrerer med glede den store ordra Stryvo Bismo AS fekk på slutten av året.

Handel

Dei fleste butikkane i marknadsområdet vårt kan vise til ei god omsetjingsutvikling. Dette heng sjølvsagt saman med at det er auka trafikk av norske og utanlandske turistar som er på ferie i Norge. Vidare kan endra forbruksmønster tyde på at delar av handelsnæringa kan stå framfor utfordringar med tilpassing til auka netthandel. Vi er usikre på korleis dette vil slå ut for handelsnæringa i Nord-Gudbrandsdalen.

Sparebankane i Norge

Norske sparebankar er ei sterk, effektiv og vel-driven næring. Den utgjer ein heilt naudsynt del av infrastrukturen og opererer i nært fellesskap med lokalsamfunna rundt seg. Kjennskap til lokalmarknaden og kompetansen til medarbeidarane gjev sparebankane eit konkurransefortrinn i marknaden.

Talet på sparebankar i Norge vart i 2015 redusert frå 107 til 105.

Samfunnsengasjement

Det er naudsynt at banken vår tek ei samfunnsrolle og bidreg til aktivitet. Det skal vera attraktivt å busetja seg i primærmarknaden til banken.

SpareBank1 Lom og Skjåk skal vera ein god, finansiell part for å oppretthalde og skape arbeidsplassar i distriktet. Det er naudsynt å presisere at varer og tenester som er tilgjengelege, blir handla lokalt. Dette er med på å oppretthalde sårt trengte arbeidsplassar og er grunnlaget for å skape nye.

Det er ei viktig grunnhaldning at banken skal engasjere seg i det som rører seg i lokalsamfunnet. Kvart år deler banken ut store beløp til sponsoraktivitetar og marknadsføring, i tillegg gåver til lag og foreiningar innan lokalt idretts- og kulturliv. Dette er vårt bidrag til lokalsamfunnet, fordi vi har lokal tilknytning og eigarskap.

SpareBank 1 Lom og Skjåk sitt næringslivsfond gjev kvart år økonomisk stønad som skal fremje næringsutvikling blant kundane til banken.

Som ledd i arbeidet mot korrupsjon og kvitvasking, følgjer banken retningslinene til Finans Norge ved etablering av kundeforhold og utferding av banklegitimasjon.

Banken si behandling av likestilling, diskriminering, arbeidsmiljø og påverknad på ytre miljø er nærare beskriven lenger ute i årsmeldinga.

Verksemda til SpareBank 1 Lom og Skjåk i 2015

Aktivitet gjennom året

SpareBank 1 Lom og Skjåk oppnådde eit godt resultat i 2015 (sjå tidlegare tabell og seinare omtale under resultatrekneskapen). Dette skuldast stor aktivitet innanfor tradisjonelle banktenester. Vi fekk gode inntekter frå sal av forsikringsprodukt, betalingsformidling og utbytte frå strategiske aksjeinvesteringar.



Stor aktivitet under Landsfestivalen i Lom der banken var ein av hovudsponsorane. Øvst lagspel med Lom spelmannslag.



Stort turnstemne i Skjåk med om lag 600 barn og unge. Banken var hovudsponsor.



Landsskytterstemnet 2015.



Påskeskirenn med Andre Villa.

Aktiviteten i Lom, Skjåk, Vågå og Dombås var tradisjonelt høg også i 2015. Vi er 50 tilsette i banken.

Bankmarknaden er prega av store endringar, drivne av nye krav frå styresmaktene og digitalisering av banktenester. Når endra kunde-åtfærd og nedgang i bruk av kontorkanalen skjer, skal SpareBank1 Lom og Skjåk vinne marknadskampen med å tilby dei digitale kundane våre dei enklaste digitale løysingane i bransjen.

og vi er godt i gang med å utvikle dette. Dette blir vidare teke hand om i felles prosjekt i Alliansen. Både tilsette og kundar skal lærast opp i å ta i bruk sjølvbetente løysingar.

Banken har bestemt å opprette ei ny avdeling i banken, ei kredittstøtteavdeling, med adresse Skjåk. Depotet skal gå inn under leiarane for avdelinga, og vi må i tillegg ha minimum ein person til, i alt 4. Vi håpar å kunne rekruttere internt.

Kundane våre har, og skal ha, den beste handsaminga uansett kva for kanal dei kontaktar oss i, om det er i kontorkanalen, på telefon, e-post eller om dei ynskjer å vera sjølvbetente.

Sparebank 1 Lom og Skjåk ynskjer å legge til rette for at dei kundane som ynskjer det, skal kunne ta i bruk sjølvbetente løysingar,

Banken var i 2015 med på sitt største enkelt-sponsorat til nå, nemleg Landsskytterstevnet på Lesja i august. Der var vi generalsponsor, og det vart ein stor suksess på alle måtar. Ein enorm folkefest og eit idrettsarrangement vi ser attende på med stor entusiasme! Lesja- og Dovre-regionen er satsingsområdet vårt. Det var derfor veldig viktig for oss å vera med å støtte arrangementet, i tillegg til lokale lag og foreiningar – gjennom den største hendinga der på mange år.



Det franske landslaget i skiskyting på skiarenaen på Dombås hausten 2015.

I tillegg var vi også ein av hovudsponsorane på Landsfestivalen i Lom månaden før. Ein folkefest det også, enormt med tilreisande som fekk koma og sjå kva bygda har å tilby, og ikkje minst smake på all den gode maten som vart servert desse dagane! Det er verkeleg viktig for lokalsamfunnet å få slike store arrangement.

Banken bidreg som hovudsponsor på mange ulike felt. Det er ei enorm satsing på frikøyting her i dalen, med Vågå i spissen. Det er Lemonsjøen som var arena for å huse dei beste frikøyrarane i verda under Vågå Freeride Challenge, som gjekk av stabelen i mars i år. Dette fekk innslag i Sportsrevyen på NRK. Så var det Skjåk sin tur. Dei tok imot 600 barn og unge til turnstemne i mai. Der var vi også hovudsponsor. Etter det var det kokkekampfinale i Vågåhallen med matglede og Arne Brimi spissen, det er cross-køyting på Grønsletta i Vågå, med 200 lokale og tilreisande barn og unge. Ein av dei beste motocross-køyrarane i landet, Pål Anders Ullevålseter, tok også turen. Noko av det viktigaste banken gjer, er å støtte lokale tiltak både sportsleg og kulturelt, bidra til vekst, til engasjement og allsidigheit i bygdene våre.

Den 26. november arrangerte banken tur for landbrukskundane til Agroteknikk på Lillestrøm. Her deltok vi med ein full buss.

Den 18. desember inviterte vi bedriftskundane våre til julelunsj på Fossheim Turisthotell, der 70 deltok. Det faglege programmet var sjølvbetent forsikringsløyning, leasing og SpareBank 1 sin nylanserte mobile betalingsløsning mCASH.

Det var venteliste på begge arrangementa, og banken fekk mange positive attendemeldingar.

Rekneskapen

Framleis drift

Bankstyret stadfestar at alle føresetnadene for vidare drift er til stades, og årsrekneskapen er avlagt under desse føresetnadene. Slik styret ser det, er det etter årsslutt ikkje skjedd noko som krev fleire kommentarar.

Resultatrekneskapen

Resultatet etter tap og skatt vart i 2015 kr 39.844.743. For samanlikning med tidlegare år, viser vi til tabellen på side 7. Prosenttal er utrekna av dagleg, gjennomsnittleg forvaltningskapital, dersom ikkje anna er kommentert

Forslag til disponering av overskot

Styret i SpareBank1 Lom og Skjåk er svært



Stor pågang av nye kundar.

nøgde med resultatet for 2015. Resultatet frå den underliggende drifta har vore god. Tap på utlån og garantiar m.v. har betra seg betrakteleg frå 2014 til 2015, og vi har kunna ført attende tidlegare avsetningar. Resultatet sikrar banken eit godt grunnlag for vidare vekst. Bankstyret understrekar difor kor viktig det er å prestere gode resultat for å styrke soliditeten og halde på sjølvstendet til banken.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet til banken:

- kr 300 000 til gåver
- kr 39 544 743 overført til fondet i sparebanken.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er hovudbidraget til det totale dekningsbidraget i banken, og utgjorde 95,2 mill. kroner, ein oppgang frå 85,1 mill. kroner frå året før. Rentenetto utgjer 1,98 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, tilsvarande førre år var 1,91 %. Ut frå konkurransesituasjonen er styret godt nøgd med rentenettoen.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

Gebyr- og provisjonsinntekter vart på 32,9 mill. kroner, som utgjer 0,68 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2014 var tilsvarande tal 33,7 mill. kroner og 0,76 %. Banken hadde ein god auke i provisjonsinntektene frå verdipapirformidling og frå kredittkort. Banken hadde negativ utvikling i porteføljen i aksjar og obligasjonar med 2,8 mill. kroner. I 2014 hadde vi ei positiv utvikling med 15,5 mill. kroner, inklusive sal av Nets A/S for 8,2 mill. kroner.

Driftskostnader

Dei samla driftskostnadane, inklusive ordinære avskrivningar, vart på 1,58 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, det same som i 2014.

Løn og generelle administrasjonskostnader utgjør 1,29 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, ein oppgang frå 1,15 % i 2014. Kostnadsnivået i banken er vurdert som tilfredsstillande. Styret meiner det er viktig å ha kostnadseffektiv drift av banken i fokus for å oppnå gode økonomiske resultat i framtida.

Balansen

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjør 4.879,8 mill. kroner, ein auke med 5,08 % sidan førre årsskifte. Dette må sjåast i samanheng med valutalån og overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt. Ved utgangen av 2015 hadde overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt auka frå førre årsskifte med 206,5 mill. kroner til 1.024,7 mill. kroner, og kundane våre hadde 133,8 mill. kroner i valutalån. Forvaltningskapitalen inkludert bustadkreditt og valutalån utgjør 6.038,2 mill. kroner, ein auke med 385,5 mill. kroner sidan 2014.

Utlån og garantiar

Utlån voks med 203,6 mill. kroner til 4.114,4 mill. kroner når vi ikkje tek omsyn til valutalån og overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt. Note 14d. viser fordeling mellom geografiske område. Brutto utlån auka med 5,21 % frå 2014 til 2015.

Ved utgangen av 2015 utgjør garantiar 199,7 mill. kroner. Note 14e. viser garantiar fordelt på næringer og note 26 fordelt på garantitypar. Utlån og garantiar til næringslivet er på 42,8 % av totale utlån og garantiar. For 2014 var den 41,8 %. Den gjennomsnittlege utlånsrenta var 4,2 %, tilsvarande for 2014 var 5,0 %.

Banken er medeigar i bustadkredittselskapet Sparebank 1 Boligkreditt AS (SB1BK). Selskapet vart etablert for å sikre eigarbankane tilgang til funding som er rimelegare enn den fundingen



Nye lokale i Vågå, juni 2015. Ordførar Iselin Jonassen står for den offisielle opninga.

banken sjølv normalt kan oppnå, gjennom utfordring av særskilt sikra obligasjonar med svært god rating. For å oppnå denne ratingen må bustadkredittselskapet dokumentere at alle lån oppfyller gjevne kvalitetskrav frå styresmaktene og kreditt-ratingbyrå. Ved å overføre denne type lån mottar banken provisjonsinntekter frå selskapet.

Ved utgangen av 2015 er det overført 1.024,7 mill. kroner til SB1BK. Tilsvarande beløp ved utgangen av 2014 var på 818,1 mill. kroner. Kundane våre har ved utgangen av 2015 valutalån pålydande 133,8 mill. kroner, som banken har stilt lånegarantiar for. Dette er valutalån hovudsakeleg i CHF (Sveits).

Verdsetjing av utlån

Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjene til Finanstilsynet.

Misleghald og tapsutsette engasjement

Talet på misleghaldne og tapsutsette engasjement syner ei positiv utvikling samanlikna med førre året. Individuell nedskrivning kjem fram etter at alle næringsengasjement over eit bestemt nivå har vorte grundig vurderte både i nåtid og den næraste framtid, og vurdering av dei sikringsobjekta banken har. I tillegg er personmarknadskundar over eit definert nivå vurderte.

Vi har attendeført tap- og tapsavsetjingar i resultatrekneskapen med 1,4 mill. kroner. Individuelle tapsavsetjingar er på 12,6 mill. kroner, og gruppeavsetjingar er 20,9 mill. kroner. Samla blir dette 33,5 mill. kroner, 0,82 % av brutto utlån. Tapsavsetjingar for garantiar er på 5,3 mill. kroner. Dette er ført under «anna gjeld» i rekneskapen.



Årets Ottadøl 2015, Rune Borgan Isaksen frå Lalm kåra av Fjuken og SpareBank1 Lom og Skjåk.

Innskot

Innskot frå kundar utgjer 3.398,8 mill. kroner, som er ein auke på 222,1 mill. kr siste året, eller 6,99 %. For 2014 var auken 13,08 %. Dei siste åra har det vore auke kvart år, men med svært varierende prosentdel. Delen av større innskot er aukande, men banken meiner å ha gode og fornuftige avtaler med dei største aktørane. Styret er klar over likviditetsrisikoen som ligg i dei store innskota. Den gjennomsnittlege innskotsrenta var på 1,61 %, tilsvarende for 2014 var 2,38 %.

Verdipapir

Behaldninga av verdipapir utgjer til saman 319,0 mill. kroner. 154,2 mill. kroner er i renteberande papir. 19,3 mill. kroner er omløpsaksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis. Desse, saman med dei renteberande verdipapira, blir verddivurdert etter det lågaste av kjøpskurs og marknadsverdien.

Anleggsporteføljen er vurdert til 145,5 mill. kroner. Dette inkluderer strategiske investeringar i fellesføretak gjennom alliansesamarbeidet (sjå note 16 a), og eigardelar i tilknytt selskap og dotterselskap, sjå note 16 b).



Hjelp oss og hjelpe Oppland fekk inn mange julegåver. Banken bidro med pengegave på kr 5000.

Bokført endring i verdipapira viser for 2015 ein negativ resultateffekt med 2,8 mill. kroner, sjå note 8.

Plasseringar i verdipapir ligg innanfor dei grensene styret har sett. Styret får kvartalsvis rapportar over verdipapirporteføljen der bokført verdi, marknadsverdi og renterisiko går fram.

Eigenkapital og kapitaldekning

Etter overføring til sparebankfondet utgjer eigenkapitalen nå 590,1 mill. kroner. Heile eigenkapitalen er frå opptente overskot og gjev ein eigenkapitaldel på 12,09 %, rekna ved utgangen av året, mot 12,07 % ved førre årsskiftet. Rein kjernekapital og kjernekapitaldekninga utgjer 16,51 %. Kapitaldekninga utgjer 17,23 %. Da er ansvarleg lånekapital på 50. mill kroner inkludert.

Innskot målt mot utlån

Innskot målt mot utlån utgjer 82,61 % mot 81,23 % ved førre årsskiftet.

Funding elles

Banken har ein god finansiell situasjon. Behov for funding er dekt gjennom opptak av obligasjonslån. Forfallsstrukturen går fram av note 20.

Bankaktiviteten med finansielle instrument er avgrensa til å gjelde eigne posisjonar. Den totale eksponeringa og vurdering av risiko blir jamleg gjennomgått.

Intern kontroll og risikostyring

Generelt

SpareBank1 Lom og Skjåk har eit mål om å halde samla risikoeksponering på eit moderat nivå. Samstundes er det viktig for banken å stimulere til aktivitet og nyetablering i sitt primærmarknadsområde. Styret har vedteke prinsipp for risikostyring gjennom instruksar, retningslinjer og internkontroll. Styret får løpande orientering om utviklinga gjennom periodiske rapporteringar.

Styret meiner at den operasjonelle og finansielle risikoen er under kontroll, og at banken blir styrt etter reglar som er gjevne i lov, føresegnar og i interne retningslinjer.

Pilar II og CRD-IV

I rundskriv 9/2015 presenterte Finanstilsynet hovudelementa for å vurdere bankane sitt samla risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov, som trødde i kraft 01.01.2016.

Banken sin metodikk for berekning av kapitalbehov er dermed endra for å tilfredsstille Finanstilsynet sine forventningar til banken.

I samsvar med føresegn om risikostyring og internkontroll, føreteik banken årleg ein gjennomgang av vesentlege risikoar som dei respektive verksemdsområda i banken er eksponert for. Desse vurderingane danner grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for. Finansiell informasjon, pilar III, blir offentleggjort på banken si heimeside.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko representerer både på stutt og lang sikt ein trussel som kan medføre ein vesentleg kostnad. Banken observerer ikkje noko teikn på at underliggjande eksponering er større enn utrekna under basismetoden. Basismetoden blir nytta også i eigenvurderinga til banken.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til potensialet for tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utferdarar. I tråd med føresegnar frå Finanstilsynet og dei interne retningslinene, gjennomgår banken regelmessig utlånsporteføljen med tanke på identifisering av moglege tapsutsette engasjement.

Banken følgjer utviklinga i utlånsporteføljen tett med månadleg oppfølging av nøkkeltal, og følgjer med på at utviklinga av måltal relatert til utlånsporteføljen inngår som del av kvartalsvise risikorapportar til styret.

Porteføljane for privat- og bedriftsmarknaden har også gjennom 2015 vist ei positiv utvikling, der dei estimerte nivåa for forventa tap, uventa tap, gjennomsnittleg sannsynlegheit for misleghald og vekta sannsynlegheit for misleghald for friske engasjement, er redusert i begge porteføljane. Det er alltid ein viss risiko i utlånsporteføljen til banken. Vi har teke på oss ein auka risiko ved å vere med på utvikling av lokalt næringsliv, og at vi har store eigedomsengasjement utanom banken sitt primærmarknadsområde.

Tapa på utlån var i 2015 låge, og andelen av misleghaldne engasjement er monaleg lågare enn ved utgangen av førre året. Banken har intensivert arbeidet med å redusere misleghald, som har redusert delen av portefølje som har vore misleghalden eller nedskriven. Engasjementa i privat- og bedriftsmarknadsporteføljane i dei tre høgste risikogrubbene er monaleg lågare enn ved utgangen av førre året. Med fokus på sunn vekst og tettare oppfølging av utsette engasjement, budsjetterer banken med tap i 2016 på 0,17 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Styret meiner banken har god kontroll med engasjementa og vurderer den samla kreditt-risikoen uendra som moderat.



Ordførar Steinar Tronhus opnar den nye minibanken på Lesja. Dette er minibank nr. sju til SpareBank 1 Lom og Skjåk.

Valutarisiko

Banken er i liten grad direkte eksponert i valuta, men er indirekte eksponert gjennom å stille lånegarantiar for kundar med valutalån overfor SpareBank 1 SMN, DNB og Swedbank – primært i sveitsiske franc (CHF). Lånegarantiane er sikra med pant og inngår i den ordinære kredittvurderinga av låneengasjementet til banken. Styret meiner at evna valutakundane har til å svara for valutalåna er til stades, og at lånegarantiane framleis er tilfredsstillande dekt av pantesikringa som banken har etablert.

Rente- og kursrisiko

Styret reknar den totale renterisikoen for å vere låg. Behaldninga av omløpsaksjar og grunnfondsbevis er eksponert for kursrisiko, men styret vurderer at denne ut frå storleiken på behaldninga er av mindre omfang. Kursrisiko knytt til anleggsaksjar og strategiske investeringar er også til stades, men styret vurderer denne som låg. Situasjonen ved årsskiftet er at fleire av dei strategiske investeringane har ein meirverdi samanlikna med bokførte beløp.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er primært knytt opp til behovet for ekstern funding på grunn av auke i utlån. Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt har redusert behovet for eigne lån i marknaden, og er dermed med på å redusere likviditetsrisikoen. Det er dagleg oppfølging og vurderingar av likviditeten. Målsetjinga om samansetjing av balanse og forfallsstruktur på obligasjonslån, saman med etablerte trekkrettar, gjer at styret framleis meiner å ha ein kontrollert og låg risiko.

Strategisk risiko

Måten vi driv banken på, vår desentraliserte avgjerdsprosess og at vi er lett tilgjengelege for kundane, er gode konkurransefortrinn. Etableringa på Dombås var naudsynt og viktig av strategiske årsaker, både for å kunne yte betre service til dei eksisterande kundane våre på Lesja og Dovre, og for å sikre grunnlag for vidare vekst.

DNB, som er den største konkurrenten til banken i primærmarknadsområdet, har vedteke å leggje ned avdelingskontora sine på Dombås og Otta. Samstundes har SpareBank 1 Lom og Skjåk hatt god vekst i utlån på Lesja og Dovre.

Tilsette

Personalet

Ved utgangen av 2015 har SpareBank 1 Lom og Skjåk 50 tilsette ved dei fire kontora. Dette utgjer til saman 48 årsverk. I tillegg har banken vaktmeister og reinhaldar i deltidstilling ved eigedomen til banken i Bismo. Vi har fått ein ny medarbeidar i 2015. Dette er Jonny Vassplassen, tilsett som PM-rådgjevar på Dombås.


Banken har dyktige medarbeidarar som står på for arbeidsgjevaren sin. Stadig fleire av medarbeidarane i banken har gjennomført teoretisk og praktisk prøve og fått tittelen autorisert finansiell rådgjevar eller vorte sertifisert innan godkjenningsordninga for skadeforsikring. Dette styrkar kompetansen til rådgjevarane og vil ytterlegare forsterke kvaliteten i dialogen med kundane. Styret set stor pris på innsatsen til dei tilsette i banken.

Likestilling

Dei tilsette i banken fordeler seg med 31 kvinnelege og 19 mannlege tilsette. Alle har like moglegheiter til utdanning, arbeid og fagleg utvikling. Målsetjinga om at det ikkje skal vere lønsskilnad mellom kvinner og menn i banken for medarbeidarar i same type stilling, meiner vi er oppfylt. Det kan vere lønsskilnader mellom stillingar ut ifrå stillingsinnhald og krav til kvalifikasjonar. Leiargruppa i banken er samansett av fem menn og ei kvinne. Styret er samansett av to menn og tre kvinner. I tillegg har



Stor auke i talet på kundar på Dombås.



dei tilsette ein kvinneleg vararepresentant. Sidan 2008 har fordelinga av kvinner og menn blant dei banktilsette endra seg frå tilnærma 50–50-fordeling til ei overvekt av kvinnelige tilsette med om lag 64 %.

Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2015 utgjorde 8,08 %, mot 4,14 % året før. Banken hadde framleis langtids-sjukmeldte i 2015. Med såpass få tilsette gjev det store utslag i fråværsprosenten. Det har ikkje vore arbeidsuhell knytt til aktiviteten i 2015.

Verneombodet gjennomfører saman med leiinga årleg kartlegging av det interne arbeidsmiljøet i banken. Resultatet blir nytta som grunnlag for å setja i verk eventuelle utbetringar.

Styret meiner at banken har eit arbeidsmiljø som er godt og positivt, til glede for den enkelte medarbeidar, kunde og bank.

Diskriminering

Diskriminering er det same som usakleg forskjellsbehandling, som vil vere i strid med arbeidsmiljølova. SpareBank 1 Lom og Skjåk skal jobbe målretta for å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisk avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Det er ei målsetting i Sparebank 1 Lom og Skjåk at etnisk tilhøyr ikkje skal vere til hinder for å bli rekruttert. Korkje styret eller administrasjonen i SpareBank 1 Lom og Skjåk er kjent med tilhøve som kan oppfattast som diskriminerande.

Ytre miljø

Banken har ikkje aktivitet som ureinar det ytre miljøet.

Energi- og klimarekneskap 2015

Formålet med energi- og klimarekneskapen er å vise oversikta over klimagassutsleppet (GHG-utslepp) i organisasjonen som del av ein overordna klimastrategi. Ein klimarekneskap er eit viktig verktøy i arbeidet med å identifisere konkrete tiltak for å redusere energiforbruk og tilhøyrande GHG-utslepp. Denne årlege rapporten gjer organisasjonen i stand til å måle nøkkeltal og dermed evaluere seg sjølv over tid.

Rapporten omfattar heile verksemda i SpareBank 1 Lom og Skjåk.

Informasjonen i ein klimarekneskap stammar frå både eksterne og interne kjelder, og blir omrekna til tonn CO₂-ekvivalentar. Analysen er basert på den internasjonale standarden «A Corporate Accounting and Reporting Standard», som er utvikla av «The Greenhouse Gas Protocol Initiative» – GHG-protokollen. Dette er den mest brukte metoden verda over for å måle utslepp av klimagassar. ISO standard 14064-1 er basert på denne.

Energi- og klimarekneskapen for 2015 viser totalt sett ein reduksjon av klimagassutslepp på 32,7% sidan 2014.

Elektrisitet er den største kjelda til klimagass-utslepp, deretter følgjer dieselforbruk. Avfall, km-godtgjersle, flyreiser og fjernvarme utgjer mindre delar av dei totale utsleppa. Det har vore

ein betydeleg nedgang i utsleppa knytt til drivstoff og elektrisitetsforbruk. For drivstoff skuldast halveringa redusert bruk. For elektrisitet skuldast nedgangen delvis mindre forbruk, men også at utslippsfaktoren for elektrisitet er redusert med 26 %. Grunnen til at det nå er mindre utslepp knytt til elektrisitet, er mindre bruk av fossilt brensel i det nordiske el-marknaden, auka nedbør og høgare temperaturar.

Det har vore ubetydelege endringar i areal og talet på årsverk. Energibruken per areal er noko redusert, og utslepp per årsverk er svært redusert sidan 2014.

Det er ein viktig del av samfunnsansvaret vårt å vere bevisste på kva påverknad vi har på naturen, klimaet og miljøet rundt oss. Derfor har banken utarbeidet ein miljørapport for å kunne identifisere utsleppa, talfeste ureininga og gjere oss i stand til å setje målretta tiltak i verk.

Formålet er å gje eit grunnlag for å vurdere bedrifta i miljørassamhang, og arbeide systematisk for å minske påverknaden på det ytre miljø.

SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen vart grunnlagt i 1996. Alliansen er eit bank- og produktsamarbeid der SpareBank 1-bankane i Norge samarbeider gjennom det felleseigde holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. Eit overordna mål for SpareBank 1-alliansen er å sikre sjølvstendet til den enkelte bank og den regionale forankringa gjennom sterk konkurranseevne, lønnsamd og soliditet. Samtidig representerer SpareBank 1-alliansen eit konkurransemessig fullverdig bankalternativ på nasjonalt nivå.

